



Notat

Dato: 07.10.2016
Arkivsak: 2014/558-214
Saksbehandlar: hanalve

Til: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Frå: Skyss – Sal og marknad v/ leiar Hanne Alver Krum

Skyss sin digitale billetteringsløysing - frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Skyss syner til notat frå 22. juni i år, og seier seg lei for at svaret kjem så seint.

Det er riktig slik Rådet påpeikar, at Skyss sin billettapp etter ei oppdatering ikkje lenger støttar bruk av voice over. Skyss har tatt problemet opp med leverandør fleire gongar, seinast i møte 26. september i år, og har bede om at denne saka vert gitt førsteprioritet.

Leverandør har no lova at ei oppgradering skal verte gjennomført så snart som råd, og Skyss går ut frå at oppgåva skal verte utført i løpet av hausten.

Skyss tek tilbakemeldinga frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne om å sikre universelle brukargrensesnitt på alle betalingsløysingar på høgste alvor, og vil ta tilrådingane med seg i sitt vidare arbeid. Endeleg dato for når voice over igjen vil vere tilgjengeleg i billettappen vil ein kome tilbake med når dette er avklart med leverandør.